

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

### Miljøkrav til taxinæringa og kommersielle bussruter.

«Til møte i MISA den 6. juni 2018 vart det lagt fram ei meldingsak der ein gjorde greie for ein føreståande prosess for innføring av miljøkrav i drosjenæringa.

I 2017 vedtok Stortinget ei endring i yrkestransportlova § 9 fjerde ledd som gjev lokale løyvestyresmakter heimel til å stille miljøkrav til drosjenæringa for å redusere miljøskadelege utslepp. Det følgjer av § 9 fjerde ledd at:

*"Løyvestyresmakta kan gje påbod om at drosjekøyring etter første ledd skal drivast med motorvogn som har ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krava. Løyvestyresmakta fastset forskrift om den øvre grensa for miljøskadeleg utslepp." (vår understreking)*

Løyvestyresmakta kan difor i lokal forskrift fastsette grenser for miljøskadelege utslepp gjennom krav til at drosjekøyring må skje med låg- eller nullutsleppskøyretøy. Fastsette krav må ha ei overgangstid på minimum fire år.

Samferdselsavdelinga har utarbeida ein rapport som greier ut fylgjene av å innføra krav om null- eller lågutslepp for drosjenæringa. Denne rapporten er no på høyring hjå drosjesentralane og andre involverte. Det vert teke sikte på å leggja fram sak for fylkestinget hausten 2019 om innføring av utsleppskrav til drosjenæringa.

### Nullutsleppssone i Bergen

Nullutsleppssone for store køyretøy er eit av måla i Grønn strategi for Bergen kommune 2030. Det vert arbeidd med eit pilotprosjekt i nokre utvalde gater i Bergen sentrum. Det er uklart når eit slikt tiltak kan setjast i verk i full skala, og det er også uklart om ei eventuelt nullutsleppssone skal omfatta bussar i rute.

Det er Bergen kommune som har ansvar og mynde til å innføra nullutsleppssone. Når tilhøva ligg til rette for å innføra el-bussdrift i Bergen i det subsidierte rutetilbodet, skulle det reint teknisk ikkje vera noko i vegen for å gjera det same for ein del av det kommersielle rutetilbodet. Det kommersielle rutetilbodet er delt i to kategoriar; korte ruter som flybussen, sightseeingruter og IKEA-bussen, og langruter som omfattar ei rekke fylkeskryssande bussruter. For sistnemnde kategori vil truleg el-drift liggja noko fram i tid.»

### Spørsmål om parallel framføring av bybana til Fyllingsdalen og Åsane

«For å kunna starta opp med prosjektering og utbyggjing av bybane til Åsane samstundes med det pågående arbeidet til Fyllingsdalen, er det i hovudsak to forhold som må vera på plass, i tillegg til finansieringa.

- Ein må ha ein godkjent reguleringsplan for prosjektet
- Prosjekt- og utbyggiingsorganisasjonen måtte vere bemanna opp til å ta to store prosjekt samstundes.»